

Reguleringsføresegner for Brestøyl hyttefelt, del av gnr.105 bnr.8, Tokke

§1 Føresegnene gjeld for det området som er visa med geruleringsgrense på kartet.

§2 Området regulerast til:
 Byggeområde
 Landbruksområde
 Spesialområde
 Fareområde

§3 BYGGEOMRÅDE - FRITIDSBUSTADAR

- Hyttene skal plasserast som visa i plankartat og i samsvar med pel i terrenget. Pelen skal ligge innom hytteveggane. Mindre justeringar kan gjerast av kommunen.
- For frittliggande hytter skal areal BYA ikkje vera større enn 100 m². Bygget skal ha saltak, gesimshøgde maks. 3 m, mønehøgde maks. 5,5 m, over grunnmur.
- På kvar tomt kan det oppførast bod / uthus på inntil 20 m². Uthuset skal ha saltak maks gesimshøgde 2,5 m, og maks mønehøgde 5 m. Bygget skal vera utan isolasjon og utan innvendig kledning.
- Bygg skal i best mogleg grad underleggjast naturpreget i området og ha ei enkel og god utforming. Utvendig skal det myttast tre med ståande kledning, eller lafta tømmer og naturvenlege fargar.
- Bygg kan berre ha 1 etg. Synleg høgde på grunnmur skal ikkje vera over 0,8 m.
- Tak skal utførast som saltak. Taktekking torv, bordtak med mørk verknaed.
- Eksisterande vegetasjon og terreng skal så langt rå er takast vare på.
- Det skal ikkje setast opp gjerde eller flaggstangar i området.
- Der hyttene står på pilarar skal det gjerdast mellom desse på grunn av sau o. a.

§4 BEVARINGSOMRÅDE Støylsvoll skal haldast ved like med rydding av vegetasjon. Det kan settast opp stølshus på eksisterande husmurar. Husa skal då ha form som stølshus og ikkje vera over 45 m².

§5 VATN OG AVLAUP

Hyttene kan ha låg eller middels sanitær standard. Ved låg sanitær standard er det ikkje høve til å ha innlagt vatn. Det skal nyttast bido. Ved middels sanitær standard kan ein ha innlagt vatn og avløp for gråvatn. Det skal nyttast bido. Ved middels sanitær standard må ein søkje kommunen om utsløppsløyve. Kommunen kan då kreve at alle hyttenen i området vert knytta til eit felles avlaupsanlegg.

§5 PARKERING Fellesparkering på tilviste plassar.

Det skal for kvar enkelt hytte vera avtale om vinterparkeringsplass ved brøyta veg.


§6 RENOVASJON

Hytteeigarane pliktar å levere hushaldsavfall etter nærare tilvisning frå kommunen.

§7 STRAUMFORSYNING

Straumforsyning og andre kablar skal leggjast i jordkabel.

§8 Etter at planen med føresegner er vedtekjen kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med denne.



Teikenforklaring pbl. §25 reguleringsføresegner

- | | | |
|------------------------------|--------------------------|-----------------------|
| Landbruksområde § 25,1 nr. 2 | Spesialområde §25,1 nr.6 | Annan symbolbruk |
| Område for jord- og skogbruk | Privat veg | Mur stølshus |
| Byggeområde § 25,1 nr. 1 | Bevaringsområde | Nye fritidsbygg |
| Område for fritidsbebyggelse | Fareområde § 25,1 nr. 5 | Noverande bygg |
| Fellesområde § 25,1 nr. 7 | Høgspenningsanlegg | Avagrensing av planen |
| Felles parkeringsplass | Fare sørpeskred | Eigedomsgrænse |
| | | Bekk |
| | | Gangstige |
| | | Grænse verneskog |
| | | Vasspost |

KARTGRUNNLAG . ØKONOMISK KARTVERK ekv.d. 5m.

Mål : 1 : 2000

REGULERINGSPLAN MED FØRESEGNER del av gnr.105 bnr.8, Tokke

revidert	060106	
SAKSHANDSAMNING ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA	dato	sign.
Kunngjering av reguleringsarbeidet	26 07 04	
1. gongs handsaming i kommunen		
Utlegging til off. ettersyn		
2. gongs handsaming i kommunen		
kommunestyret sitt vedtak	13.06.06	
Planen er utarbeidd av:	5. JAN. 2006	
arkitekt BJØRN HUSTVEIT 3890 Vinje		